

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefellesskap

Dagleg leiar
Asgeir Tveit

 nrkf – kontroll og revisjon i kommunene

– på vakt for fellesskapets verdier

1

Agenda

1. Revisor si rolle
2. Rekneskapsrevisjon
 - Oppgåvene til kontrollutvalet og kva som vert gjort av revisor

www.vestlandrevisjon.no

2

Revisor si rolle

3

Disposisjon - hovedpunkt

Revisor si rolle

- Tenester Vestland Revisjon utfører
- Revisor sin funksjon
- Heimel for revisor sitt arbeid
- Kommunikasjonen med kontrollutvalet

www.vestlandrevisjon.no

4

OPPGÅVER VESTLAND REVISJON KO UTFØRER

FORVALTNINGSREVISJON

- Risiko- og vesentlegheitsanalyse (ROV) – grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon
- Forvaltningsrevisjon – RSK001
- Undersøkingar
- Eigarskapskontroll – RSK002

FINANSIELL REVISJON

- Rekneskapsrevisjon
- Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga – RSK301
- Attestasjonsoppdrag
- Rådgjeving

www.vestlandrevisjon.no

Rolla til revisor

- Stadfeste informasjon
- Sikre at informasjonen frå kommunen er å stole på
- Revisor ser tilbake i tid
- Revisor kontrollerer at kommunen har rutinar som sikrar at informasjon vert rett.

Rolla til revisor



Rekneskapsrevisjon

- Stadfeste at årsrekneskapan er rett
- Stadfeste at prosjektrekneskapar er rett

- Vurdere om rutinar og internkontroll er på plass og bidreg til å redusere risiko for feil.

Forvaltningsrevisjon

- Følgde/følgjer kommunen lov og forskrift?
- Følgde/følgjer kommunen reglement og retningslinjer?
- Var handlinga i samsvar med kommunestyret sitt vedtak?

- Har kommunen rutinar som sikrar at saker vert handtert rett og reduserer risiko for feil?

7

Rolla til revisor – Heimel kommunelova kapittel 24



Henta frå § 24-2. Revisors ansvar og myndighet

- Revisor skal **utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll** i samsvar med lov og forskrifter.
- Revisor skal **planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere** arbeidet sitt i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk.
- Revisor skal **rapportere til kontrollutvalet**.
- Revisor kan **kreve** at kommunen legger fram **alle opplysninger**, utgreiingar og dokument som han finn naudsynt for å utføre arbeidet
- Revisor kan også **foreta undersøkingar** som han meiner er naudsynt
- **Teieplikt** er **ikkje til hinder** for å gjennomføre kontrolltiltak.
- Revisor har **teieplikt**.

VESTLAND REVISJON kommunale oppgåvefelleskap

8

Rolla til revisor – Heimel kommunelova kapittel 24

Henta frå § 24-3. *Revisors møterett, opplysningsplikt mv.*

Revisor har

- møte- og talerett i kontrollutvalsmøte.
- rett til å få uttale protokollert
- møteplikt i kommunestyremøte i saker knytt til revisor sitt oppdrag
- møterett i kommunestyremøte
- krav på seg om å informere kontrollutval og kommunestyre om det vert etterspurt opplysningar om kommunen

Rolla til revisor – Heimel kommunelova kapittel 24



Henta frå § 24-4. *Revisors uavhengighet og vandel*

Revisor skal vere

- uavhengig
- ha god vandel.

www.vestlandrevisjon.no

Rolla til revisor – Heimel kommunelova kapittel 24

Henta frå § 24-5. *Regnskapsrevisjonens innhold*

Revisor skal vurdere om

- årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrift.
- registreringen og dokumentasjonen av regnskapsopplysninger er i samsvar med lov og forskrift.
- årsmeldinga inneheld dei opplysningar som lov og forskrift krev.
- årsmeldinga er konsistent med årsrekneskapen
- årsmeldinga gjev opplysningar om vesentlege avvik mellom rekneskap og årsbudsjett

Rolla til revisor – Heimel kommunelova kapittel 24



Henta frå § 24-6. *Revisors plikter ved utførelsen av regnskapsrevisjon*

Revisor skal

- Sjå etter om den økonomiske internkontrollen er ordna på ein trygg måte.
- Vurdere risikoen for at årsrekneskapen ikkje gir rett informasjon som følgje av mislegheiter og feil
- Vurdere risikoen for brot på kommunestyret sine premiss for bruk av løyvingane.

Rolla til revisor – Heimel kommunelova kapittel 24

Henta frå § 24-7.Skriftlige påpekningar fra regnskapsrevisor

Revisor skal gje skriftlege meldingar om

- a. vesentlege feil som kan føre til at årsrekneskapen ikkje gjev rett informasjon
 - b. vesentlege manglar ved registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar
 - c. vesentlege manglar ved den økonomiske internkontrollen
 - d. manglande eller mangelfull forklaring på vesentlege budsjettavvik
 - e. ei kva mislegheit
 - f. kvifor revisor ikkje har skrive under på oppgåver som kommunen skal sende til offentlege mynde
- Meldingar som nemnt i første ledd skal sendast i nummerte brev til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren.
 - Revisor skal årleg gje ei skriftleg oppsummering til kontrollutvalet om forhold som er tekne opp etter første ledd, men som ikkje er retta eller fulgt opp.

Rolla til revisor – Heimel kommunelova kapittel 24

Frå § 24-8.Revisjonsberetning

Rekneskapsrevisor skal skrive revisjonsmelding seinast 15. april.

- stilast til kommunestyret
- kopi til kontrollutvalet, formannskapet og kommunedirektøren
- skal skrivast sjølv om fullstendig rekneskapen eller årsmelding ikkje ligg føre

I revisjonsmeldinga skal revisor uttale seg om:

- årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrift.
- registreringen og dokumentasjonen av rekneskapsopplysningar er i samsvar med lov og forskrift.
- årsmeldinga inneheld dei opplysningar som lov og forskrift krev.
- årsmeldinga er konsistent med årsrekneskapen
- årsmeldinga gjev opplysningar om vesentlege avvik mellom rekneskap og årsbudsjett

Dersom revisor

- tek atterhald
- konkluderer negativt
- eller ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å konkludere

skal revisor skrive årsaka til dette.

Dersom revisor meiner at årsrekneskap eller årsmelding ikkje bør vedtakast slik dei ligg føre, skal dette opplyst om særskilt

Rolla til revisor – Heimel kommunelova kapittel 24

Henta frå § 24-9. **Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen**

Regnskapsrevisor skal

- sjå etter om kommunen si økonomiforvaltning er i samsvar med bestemmelsar og vedtak.
- basere oppgåva på ei risiko- og vesentligheitsvurdering
- hente inn tilstrekkeleg informasjon til å vurdere om det ligg føre brot på lover, forskrifter eller vedtak
- levere skriftleg **uttale** til kontrollutvalet med kopi til kommunedirektøren seinast 30. juni.

• Vestland Revisjon KO sin kommunikasjon med kontrollutvalet gjennom året (Henta frå kvalitetsstyringsdokumentet til Vestland Revisjon KO)

- Engasjementsbrev – kvart 4. år
- Strategidokument for oppdraget
- Revisjonsmelding for årsrekneskapen til kommunen
- Evt. nummererte brev for oppdraget om funn.
- Informasjon om kvalitetsstyring i Vestland Revisjon KO
- Openheitsrapport – Vestland Revisjon KO
- Rekneskap – Vestland Revisjon KO
- Årsmelding – Vestland Revisjon KO
- Informasjon kvar haust inkl Strategidokument for oppdraget.
- Informasjon ved framlegging av rekneskapen til kommunen
- Uavhengighetserklæring
- Revisjonsrapportar – forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og etterlevingsrevisjon
 - Prosjektplanar for forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar
- Statusrapportar for forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar

Engasjementsbrev

- Vert sendt kontrollutvalet ved oppstart i kvar valperiode.
 - Fortel korleis vi forstår revisjonsoppdraget
 - Leiinga i kommunen sitt ansvar for internkontroll.
 - Kommunestyret og kontrollutvalet sitt ansvar
- **Tenestene revisjonen yter:**
 - Risiko- og vesentlegheitsanalyse (ROV)
 - Forvaltningsrevisjon
 - Undersøkingar
 - Eigarskapskontroll
 - Rekneskapsrevisjon
 - Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltningar
 - Nummererte brev ved misleghald eller andre alvorlege avvik.
 - Attestasjonsoppdrag
 - Rådgjeving
- Innsynsrett og teieplikt
- Rapportering og dialog
- Uttaler frå leiinga om kjennskap eller mistanke om misleg framferd
- Personvern – **Personvernerklæring** ligg på heimesida www.vestlandrevisjon.no

Rekneskapsrevisjon

Oppgåvene til kontrollutvalet og kva som vert gjort av revisjonen

Disposisjon - hovudpunkt

- Kontrollutvalet sine oppgaver ved rekneskapsrevisjon
- Innhold i rekneskapsrevisjonen
- Rapportering frå revisor
- Uttale til rekneskapsrapporten frå kontrollutvalet
- Kontroll med økonomiforvaltninga
- Kontrollutvalet sitt påsjå-ansvar

Kontrollutvalet sitt ansvar og mynde ved rekneskapsrevisjon

- koml. § 23-2

- *Kontrollutvalget skal påse at*
 - a) *kommunens **regnskaper** blir revidert på en betryggende måte*
 - b) *det føres kontroll med at den **økonomiske forvaltning** foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
 - (...)
 - e) ***vedtak** som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp*




Foto: Scott Graham/Unsplash


Revisor skal gje tryggleik for at ein kan stole på informasjonen kommunen gjev om økonomien sin.

Kontrollutvalgsboka, KDD 2022

Rekneskapen si rolle i kommunen sitt økonomiske styringssystem



Kontrollutvalet sine oppgaver ved rekneskapsrevisjon



Engasjementsbrev frå revisor til kontrollutvalet

- Revisor utarbeidar engasjementsbrev
 - Informasjon om revisjonsoppdraget
 - Føremål og innhald i revisjonen
 - Kommunen sitt ansvar
- Vert sendt til kontrollutvalet
 - Normalt ein gong i valperioden
 - Elles ved behov



Foto: Andrea Piacquadio/Pexels

✓ Kontrollutvalet bør

- Gjere seg kjent med innhaldet i brevet

Innhald i rekneskapsrevisjonen

- koml. § 24-5

Revisor skal:

- Vurdere om **årsrekneskapen** er avlagt i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk
 - Vurdere om **registreringa og dokumentasjonen** (bokføringa) er i samsvar med lov og forskrift
 - Vurdere om **årsmeldinga** inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev
 - Vurdere om opplysningane om økonomi i **årsmeldinga** stemmer overeins med årsrekneskapen
 - Sjå etter om **årsmeldinga** gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og om vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.
-
- Revisor skal gjennom revisjonen bidra til å forebygge og avdekke **misleg framferd og feil**




Foto: John Schroblich/Unsplash

Revisjonsplan

- Revisor sine overordna vurderingar av risiko for vesentlege feil i årsrekneskapen
- Revisor skal utarbeide ein plan for gjennomføring av revisjonen
 - Formål og omfang
 - Kva tid revisjonen skal utførast
 - Angrepsvinkel

✓ Kontrollutvalet bør

- Bli orientert om revisjonsstrategien og revisjonsplanen
- Risikovurderingene planen byggjer på
- Få tilbakemelding på om revisjonsarbeidet følgjer revisjonsstrategien og eventuelle endringar i denne



Kontrollutvalsboka, KDD 2022

<https://descartes.sticos.no/Page/Page?missionId=cb2712f7-575f-49ab-87b6-b3a07bd0fb08&pageId=c83ce372-4539-4001-bd7d-aec9c0e942f1>

Meny Sticos Descartes

Innledende revisjonshandlinger	Forretningsforståelse og risikofaktorer	Kontrollvurdering	Videre revisjonshandlinger	Avsluttende revisjonshandlinger
> Oppdragside	> Risikovurderingshandlinger	> Risikovurderingshandlinger	> Test av kontroller	> Oppfølging
> Oppdragsvurdering	> Enhetens oppbygging og finansielle rammeverk	> Rutiner og systemer	> Substanshandlinger	> Ikke-korrigerede feil
> Kort om enheten	> Eksterne forhold	> Implementerte kontroller	> Konklusjon	> Analyser
> Budsjett	> Interne forhold			> Formelle forhold
> All virksomhet	> Vesentlighet			> Konklusjon
	> Angrepsvinkel			> Særretastasjon
	> Risikooversikt			

Revisjonsrisiko= Ibuande risiko *

Kontroll risiko *

Oppdagelsesrisiko

$$IR * KR * OR = RR$$

$$0,05 * 1 * 1 = 0,05 = \text{Mindre arbeid for revisor}$$

$$1 * 1 * 0,05 = 0,05 = \text{Meir arbeid for revisor}$$

Skriftlege påpekningar frå revisor – nummererte brev – koml. § 24-7

Skriftleg rapportering i **nummererte brev** til kontrollutvalet:

- vesentlige** feil som kan føre til at årsrekskapen ikkje gir rett informasjon
- vesentlige** manglar ved registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar
- vesentlige** manglar ved den økonomiske internkontrollen
- manglande eller mangelfull informasjon i årsmeldinga for **vesentlige** budsjettavvik
- Eikvar** mislighet
- kvifor revisor ikkje har skrive under på oppgåver som kommunen skal sende til offentlege mynde, og som revisor etter lov eller forskrift skal stadfeste

Årleg skriftleg oppsummering til kontrollutvalet av forhold som er teke opp, men ikkje retta eller tilstrekkeleg fulgt opp



Foto: Bundo Kim/Unsplash

Nummererte brev – kontrollutvalet si oppfølging

Revisor rapporterer eit forhold i nummerert brev til kontrollutvalet

Kontrollutvalet handsamar nummererte brev som eigne saker

Kommunedirektøren sitt ansvar for å rette eller følge opp feil og manglar

Revisor følger opp om kommunedirektøren rettar eller følgjer opp.
Årleg rapportering om forhold som ikkje er retta eller fulgt opp.

Kontrollutvalet skal sjå etter at dei forholda revisor har teket opp blir retta eller fulgt opp og rapporterer til kommunestyret

Døme nummerert brev

• BREV NR 1 – 2022 MANGELFULL UTFYLLING AV RF-1022 – ÅRSREKNESKAPEN 2021 xxxxxx KOMMUNE

- Ifølgje kommunelova og revisjonsstandardar pliktar revisor å påpeike skriftleg til kontrollutvalet nokre gjevne tilhøve. Det vert vist til kommunelova §24-7. Dette gjeld vesentlege tilhøve og her i samband med revisjon av årsrekneskapen 2021.
- **RF-1022**
- Det vert vist til informasjon frå Skatteetaten om RF-1022: «Du skal fylle ut og levere RF-1022 viss du har betalt ut lønn eller andre opplysningspliktige ytingar og du er bokføringspliktig etter lov eller etter føresegn gjeve i medhald av lov. Også offentlege etatar og institusjonar skal levere skjema».
- **Vår vurdering er at xxxxx kommune ikkje fyller ut RF-1022 rett.**
- Vi tilrår å bruke følgjande formular, som er henta frå heimesida til Skatteetaten:
- <https://www.skatteetaten.no/globalassets/skjema/2021/rf-1022b.pdf>
- Kolonne 4 bør innehalde kostnadsførte lønskostnader spesifisert på kvar konto henta frå rekneskapen.
- Kolonne 5 skal innehalde kostnadsførte lønskostnader frå tidlegare år utbetalt i rekneskapsåret, t.d. avsette feriepengar frå tidlegare år.
- Kolonne 6 skal innehalde påløpte ikkje forfalte løningar frå rekneskapsåret som ikkje er innrapportert. I praksis avsette feriepengar.
- Linje 111 skal innehalde lønsrefusjonar.
- Linje 112 skal innehalde pensjonskostnader.
- **RF-1022 skal vere avstemt mot rekneskapen og A07.** Det siste ved at Arbeidsgjevaravgiftspliktige ytingar i kolonne 8 skal stemme med innrapporterte arbeidsgjevaravgiftspliktige ytingar i A07.
- **Revisor skal signere RF-1022. Ved feil kan revisor unnlata å signere RF-1022.**
- I kommunelova § 24-7 fjerde ledd går det fram at **revisor årleg skal orientere kontrollutvalet om tilhøve som er tekne opp og rapportert til kontrollutvalet, men som ikkje er retta eller fulgt opp på tilfredsstillande måte.** Tilhøva nemnt over vil bli fulgt opp av revisjonen, og evt. manglande oppfølging frå selskapet vert rapportert til kontrollutvalet.

*Misleg framferd

– koml. §§ 24-5 og 24-7

- Revisor **skal** vurdere **risikoen** for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen som følge av **misleg framferd**, og i samband med det rette førespurnad om slike forhold til leiinga i kommunen
- Misleg framferd **skal** rapporterast til kontrollutvalet:
 - Straks dei vert avdekket eller når revisor blir kjent med misleg framferd
 - Ny rapportering når nærmare klarlagt
 - **Årleg** skriftleg oppsummering av forhold som er tekne opp, men ikkje retta eller tilstrekkeleg fulgt opp




Foto: Josh Appel/Unsplash

✓ Kontrollutvalet bør

- Bli orientert om revisor sine risikovurderingar og vurdering av internkontroll
- Sørge for å få klarlagt forhold rundt avdekket misleg framferd og følge opp administrasjonen si handtering av saker om misleg framferd.

Handsaming av av årsrekneskap og årsmelding



Revisjonsmeldinga – rapportering om revisjonen og revisor sin konklusjon om årsrekneskapen

– kompl. § 24-8

Uttale om årsrekneskapen

- Konklusjon om årsrekneskapen
- Øvrig informasjon
- Leiinga sitt ansvar
- Revisor sine oppgåver og plikter

Uttale om andre forhold

- Konklusjon om registrering og dokumentasjon
- Konklusjon om årsmeldinga
- Uttale om årsmeldinga gjev informasjon om avvik frå budsjett og budsjettpremissar



Foto: Scott Graham/Unsplash

Typer revisjonsmelding

Normalberetning

Rekneskapen er i det alt vesentlege korrekt

Ingen merknader til øvrige konklusjonspunkt

Modifisert revisjonsberetning

Atterhald

Negativ konklusjon


Revisor kan ikkje uttale seg om årsrekneskapen

Presisering og andre forhold

Forhold som er viktige for rekneskapsbrukar

Forhold som er kritikkverdige

Revisjonsmelding med **Presisering**



- Dersom vi vil gjere brukarane av rekneskapen merksame på noko som ikkje er i samsvar med lova, men heller ikkje slik at rekneskapen er vesentleg feil, uttrykkje vi det ved **presisering** eller ved å omtale det under **andre tilhøve**:

- **Andre tilhøve**

- *Után at det betyr noko for våre konklusjonar, vil vi presisere at rekneskapen **ikkje vart avlagt innan fristen** i kommunelova §14-6 22. februar, og at årsmeldinga ikkje vart avlagt innan fristen i kommunelova §14-7 31. mars.*

- **Andre tilhøve**

- Után at det betyr noko for våre konklusjonar, vil vi vise til § 16 i Forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkje om **notekrav** til årsrekneskapen.

Revisjonsmelding med konklusjon med **atterhald**

Revisjonsmelding med **atterhald** vert skrive når revisor ikkje er samd med kommunen om eit forhold i rekneskapen.

REVISJONSMELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Konklusjon med atterhald

Vi har revidert årsrekneskapen for xxx sokn som viser eit negativt netto driftsresultat på kr. 447.021,17 og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 228.155,09.

Årsrekneskapen består av balanse pr. 31.12.2021, driftsrekneskap og investeringsrekneskap per denne datoen og aktuelle notar til årsrekneskapen.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen, med unntak av verknaden av tilhøvet som er omtalt i avsnittet Grunnlag for konklusjonen med **atterhald**, gjeldande lovkrav.
- gjev årsrekneskapen ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til soknet pr. 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret i samsvar med forskrift om økonomiforvaltninga i Den norske kyrkje og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen med atterhald

Soknet har avslutta årsrekneskapen med eit rekneskapsmessig meirforbruk i driftsrekneskapen på kr. 228.155,09. Reglane for avslutning av årsrekneskapen i Forskrift om økonomiforvaltninga i sokn i den norske kyrkje §17 er ikkje følgt. Dersom desse reglane hadde blitt følgt, ville rekneskapen kunne vore gjort opp i balanse.

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapane – kompl. § 14-3

- Kontrollutvalet **skal** uttale seg om årsrekneskapane og årsmeldingane
 - Før formannskapet gjev innstilling til kommunestyret

Temaer som kan inngå i uttalelsen

- Revisjonsmeldinga
- Årsmeldinga
- Finansielle måltall mv.
 - Utviklinga av måltalla
 - Kommunen sin økonomiske situasjon
- Brot på tidsfristar
- Konklusjon i uttalen



Foto: Patrick Fore/Unsplash

*Kontroll med økonomiforvaltninga

- Kontrollutvalet sitt ansvar
 - Særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
- Det blir ført kontroll med økonomiforvaltninga
 - Forvaltninga er i samsvar med lover og forskrifter og kommunen sine egne reglement og vedtak
- Går utover revisjonen av årsrekneskapane og årsmeldingane
- Går utover forenkla etterlevingskontroll som rekneskapsrevisor utfører
- Kan bestillast av kontrollutvalet
 - Tilleggsoppgåve til rekneskapsrevisjonen/forenkla etterlevingskontroll
 - Forvaltningsrevisjon



Foto: Firmbee.com/Unsplash

*Grunnleggjande krav til kommunen si økonomiforvaltning - koml. § 14-1



Kommunar skal forvalte økonomien slik at **den økonomiske handleevna** blir ivareteken over tid.



Kommunar skal utarbeide samordna og realistiske planar for eiga verksemd og økonomi og for lokalsamfunnet si utvikling.



Kommunar skal forvalte finansielle midlar og gjeld på ein måte som **ikkje inneber vesentleg finansiell risiko**, blant anna slik at **betalingsforpliktingar kan innfriast** ved forfall.

*Handlingsreglar for kommuneøkonomien



Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga – koml. § 24-9

- Rekneskapsrevisor skal **sjå etter** om kommunen si **økonomiforvaltning** i hovudsak føregår i samsvar med bestemmelsar og vedtak.
- Revisor skal basere oppgåva på ei **risiko- og vesentlighetsvurdering**, som skal **leggjast fram for kontrollutvalet**.
- Revisor skal innhente **tilstrekkeleg informasjon** til å vurdere om det ligg føre brot på lover, forskrifter eller vedtak, der brotet er av **vesentleg** betydning for økonomiforvaltninga.
- Revisor skal **seinast 30. juni** gje ein **skriftleg uttale** til kontrollutvalet, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.



Foto: Glenn Carstens-Peters/Unsplash


Forenkla etterlevingskontroll - rapportering

- Forenkla etterlevingskontroll inneber låg ressursbruk
 - Enklare kontrollhandlingar
 - Moderat sikkerheit
- Rapportere funn på manglande etterleving
 - Konkluderer ikkje på korvidt kommunen overheld bestemmelsar og vedtak
- Skriftleg rapportering til kontrollutvalet
 - Innan 30. juni

Moderat sikkerheit

- Lågare enn betryggande sikkerheit, men skal auke brukarane sin tillit til kommunen si økonomiforvaltning i ei grad som er klart høgare enn ubetydeleg
- Revisor konkluderer på korvidt han, basert på dei utførte kontrollhandlingane, er blitt oppmerksom på forhold som gir grunn til å tru at økonomiforvaltninga ikkje er i samsvar med bestemmelsar og vedtak

Forenkla etterlevingskontroll – aktuelle område



*Andre oppgaver for revisor - attestasjonar


- I tillegg til revisjonen av årsrekneskapan har revisor ei rekkje attestasjonsoppdrag
- Eksempel:
 - Meirverdiavgiftskompensasjon (kvar termin x 6)
 - Utgifter til særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester
 - Registrering av psykisk utviklingshemma
 - Diverse refusjonskrav
 - Spelemiddelrekneskapar
 - Opptak av lån
 - m.fl.

• Kontrollutvalet har normalt **ingen direkte rolle** i tilknytning til desse, men bør vere kjent med dei viktigaste



Foto: Lewis Keegan/Unsplash

Kontrollutvalet skal halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og påsjå at



Tilrådingar – betryggande revisjon av rekneskapane

✓ Kontrollutvalet bør

- Be om at revisor orienterer om dei ulike fasane i revisjonsarbeidet
 - Risiko- og vesentlighetsvurderingar
 - Revisjonsstrategi
 - Delkonklusjoner
- Sette seg inn i kommunelova og kontrollutvals- og revisjonsforskrifta
 - Stille spørsmål og be om orienteringar frå revisor om etterleving.
- Jamnleg gjennomgang av **instruksar og eventuelle avtaler** med revisor
- Innhente informasjon om revisor sine **kvalifikasjoner** og **uavhengighet**
 - Oppdragsansvarleg revisor eigenvurdering av uavhengighet



Foto: Microsoft stockbilder

Tilrådingar – kontroll med økonomisk forvaltning

✓ Kontrollutvalet bør

- Orienterast om funn knyta til den **økonomiske internkontrollen**
- Orienterast om den uavhengige vurderinga av kommunen sitt **finansreglement**
- Ha dialog med revisor om **risiko- og vesentlighetsvurderinga** for den forenkla etterlevingskontrollen med økonomiforvaltninga
 - Kva område vurderer revisor som mest aktuelle?
 - Er det fleire område som bør kontrollerast?
 - Vurderer revisor det som aktuelt å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon?
- Følgje opp **nummererte brev** frå revisor
 - Orientering frå kommunedirektøren
- Vurdere om resultatet av etterlevingskontroll bør medføre bestilling av **forvaltningsrevisjon**



Foto: Felipe Furtado/Unsplash

Kvalitet i revisjonsarbeidet

- Revisjonen skal gjennomførast i samsvar med lov, forskrift og **god kommunal revisjonsskikk**
- Revisor skal ha eit internt kvalitetsstyringssystem
 - Krav i eigen standard
- NKRF gjennomfører kvalitetskontroll av revisorane

✓ Kontrollutvalet bør:

- Få orientering om kvalitetsstyringssystemet og korleis det vert jobba med kvalitet i revisjonseininga
- Stille krav om ekstern kvalitetskontroll og få resultat av denne